

## Årsmelding Vevring grendalag 2009

Etter årsmøte og konstituering blei styret slik samansett: Ola Dag Thingnes-leiar, Ole Erik Thingnes-nestleiar, Geir Førstund-skrivar, Alexis Thingnes-kasserar, Monica Kortner-styremedlem Inge Engebø-1.varamedlem,-trekte seg seinare frå styret Liv Vefring -2.varamedlem Valnemnd: Magnar Falkenstein og Annie Mathiesen Revisor: Arne Underlid.Styret har hatt 11 møter og 42 saker er bokførde.

Offisielt var bu-prosjektet avslutta årskiftet 2008-2009. På Bygdeforum i Borgund blei laget takka for innsatsen og fekk overrekk blomehelsing frå Fylkesmannen si landbruksavdeling. Vi trur laget gav eit godt inntrykk av innsats og engasjement i bygda. I tillegg til medlemar av grendalagstyret var representantar for helselag og utstillingsnemnd med og orienterte om Vevring som kunstbygd i 30 år

Delar av bu-prosjektet stod att og mykje blei gjort gjennom året, heilt eller med støtte av grendalaget: Volleyballbane (ungdomstiltak), opprusting av badestranda med støttemur og meir skjelsand. Ballbinge på Kvellestad der laget gav tilskot. "Kunst i butikk", der laget gav midlar til inventar.

Vevringutstillinga: Laget støtta 30 års jubileet med å finansiere kalender og tilskot til opprusting av Myraløa. I kjellaren på løa har ein fått lagre bord, benkar og telt, som laget leiger ut til bruk på skulen og til private lag.

Høyringar: Laget har gjeve høyringsuttaler til fleire kommunale planer: Arealdelen av kommuneplanen, plan for idrett friluftsliv og kulturbygg, registrering av lagsaktivitet, skulestruktur, Engebøsaka. I saka om skulestruktur var laget representert i kommunestyret, for å fremje bygda sitt syn. Laget var godt representert på ope møte om bruk av naturressursane i kommunen.

Arrangement: Laget gav støtte til seminaret om Engebøfjellet gjennom midlar i bu-prosjektet avsette til næringsutvikling. Til gjenopninga av oppussa skule gav laget volleyball og, saman med 17. Mai nemnd, nytt høgtalaranlegg til skulen. Vi var vertskap for Firdaløpet, vetaranbilløp som samla mykje folk ein laurdag i juni. Skjeltefest er ein av dei faste aktivitetane i laget. Sommarfesten blei avvikla med opning av opprusta badestrand og volleyballbane, grilling på skulen og bygdefest på Myraløa om kvelden.

Laget har ei flått heimeside med skrifteleg informasjon og bilete frå bygda. Kunst- og miljøbygda Vevring er og nemnt i den nye NAF vegbok.

I samband med bygging av volleyballbana søkte laget kommunen om støtte til kjøp av sitjegruppe i stein, til kr.7000,- På slutten av året fekk vi melding om at formannskapet støttar tiltaket og gjev omsøkt pengesum som ein takk for imponerende dugnadsinnsats gjennom 30 år. Leiarane i grendalaget og utstillingsnemnda melde bygda på som kandidat til prisen for iderike bygdesamfunn i fylket i 2009. Bygda som har fått Fylkeskulturprisen og Naustdalsprisen, som i haust fekk alle riksdekkande og lokale media til bygda for å skrive om kunstutstilling gjennom 30 år. Som gjennom året la ned eit dugnadsarbeid og viste ein iderikdom som gav nasjonal merksemd. Som har vore til stor inspirasjon for andre bygdelag gjennom sine bu-tiltak. Jury og hovudutval ville det annleis, til applaus frå Fylkestinget. At Vevring ikkje fekk prisen for iderike bygdesamfunn i 2009 var skuffande som avslutning på eit aktivt og variert arbeidsår